

Kommunar og fylkeskommunar

Vår ref.:
2007/570 - 3670/2007

Deres ref.:

Saksbehandler:
Ivar Eriksen, 51 96 38 14

Dato:
13.11.2007

Invitasjon til å foreslå kandidatar til styra i helseføretak under Helse Vest RHF

Nye styrer for helseføretaka under Helse Vest RHF skal oppnemnast innan 1. mai 2008. Med bakgrunn i dei føringar som er lagde i Soria-Moria erklæringa, inviterer Helse Vest RHF kommunar og fylkeskommunar i regionen til å foreslå aktuelle og eigna folkevalde kandidatar til dei helseføretaksstyra som er naturlege i forhold til kommunen/fylkeskommunen sin befolkning og dei ulike helseføretaka sine nedslagsfelt. Vi gjer merksam på at vi med ”folkevald” både meiner personar med noverande verv og personar som tidlegare har hatt ein slik posisjon.

Helse Vest RHF ønskjer å ha ein tilnærma 50:50 kjønnsmessig balanse i styra og ber tilsvarande om at det i forslag over kandidatar er omrent likt tal kvinner og menn.

Erfaringa med å ha folkevalde i styra er mellom anna at det bidrar til å styrke styra med brei samfunnsmessig forståing, auka lokal kunnskap og betra kontakt mellom befolkninga og beslutningsorgana i spesialisthelsetenesta. Føretaka forvaltar kritisk viktige samfunnsoppgåver og store ressursar på vegne av fellesskapet. Føretaka representerar også store verksemder i det norske samfunn.

Helse Vest RHF ønskjer med dette brevet å klargjere rammene for invitasjonen til å fremje forslag. I brevet blir det også gjort greie for rammene med omsyn til styreutnemning og styresamansettning, aktuelle kompetansebehov samt tidshorisont for prosessen.

Skisse av rammer for styre og styreutnemning i helseføretak

Helseføretakslova set rammer for styra sitt ansvarsområde og arbeidsoppgåver. Samansetting og utnemning av føretaka sine styre er eit viktig eigarverkemiddel. Føretaka er etablert som sjølvstendige rettssubjekt med ansvarlege styre, men inngår i den samla føretaksgruppa eigd og leia av Helse Vest RHF. I dei fem helseføretaka i vår region er det Helse Vest RHF v/styret – i eigenskap av å vere eigar – som set saman og utnemner styra. Styregodtgjersle blir fastsett årleg av føretaksmøtet.

Helseføretakslova byggjer på ein føresetnad om at styret i eit helseføretak skal vere eit kollegialt organ, og i tråd med føretaksmodellen representerar ikkje eigaroppnemnde styremedlem i helseføretak politiske organisasjonar, geografiske område eller andre interessegrupper. Dette gjer seg også gjeldande for eigaroppnemnde styremedlem føreslått blant folkevalde. Desse vil i tillegg til sin individuelle kompetanse bringe meg seg sin politiske erfaringsbakgrunn, men sjølv om dei er føreslått av folkevalde på kommune- eller fylkeskommunenivå skal dei ikkje representerere særinteresser i styresamanhang.

Helse Vest RHF vil også gjere merksam på at Helse- og omsorgsdepartementet har klargjort at personar med potensielle kommersielle interesser som anten sjølv leverer, arbeider eller har sentrale posisjonar i selskap som leverer konsulent- eller advokattenester til føretak, ikkje vil vere aktuelle som styremedlemmer i helseføretak.

Samansetting av styra

Styra i Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF har alle elleve medlemmer, der sju er eigaroppnemnde medan fire er valde av og blant dei tilsette. Av dei sju eigaroppnemnde styremedlemmene vil medlemmer foreslått av og blant folkevalde utgjere fire medlemmer. Styret i Apoteka Vest HF har ti medlemmer, der tre av medlemmene er valde av og blant dei tilsette. Av dei sju eigaroppnemnde styremedlemmene vil på same måte som for dei andre helseføretaka, fire medlemmer vere foreslått og valde blant folkevalde.

Helse Vest RHF vil samanfatte motekne forslag, foreta heilskaplege vurderingar og velje hensiktsmessige styresamansettingar ut frå dei samla kompetansebehov og særskilde omsyn som gjer seg gjeldande for dei ulike helseforetaka. Med mange forslagsstilarar og endå fleire kandidatar til eit avgrensa tal styreverv kan styra ikkje vere basert på nokon form for representativitet. Det vil bli lagt særskild vekt på dekning av kompetansebehov og kjønnsbalanse, og i kvart styre vil det bli vald styremedlemmer både etter forslag frå kommune- og fylkesnivå. Helse Vest RHF ønskjer også at styra skal reflektere ei spreiing med omsyn til partipolitisk tilknyting og geografi.

Kompetansebehov

Ved samansetting av føretaka sine styre er det ei rekke kompetansekrav og andre behov ein må sjå hen til. Dette for å sikre at styra til saman har den nødvendige og breie kompetanse til å sjå til det viktige oppdrag og ansvar som styra er gitt gjennom lov og av eigar. Mellom anna er det – i tråd med helseføretakslova sine førearbeidar – viktig å ha tilstrekkeleg kompetanse om pasientrolla og pasientane sine interesser, om primærhelsetenesta og innsikt i forsking og utdanning.


Helseføretakslova inneholder elles ingen nærmare kvalifikasjonskrav, men den styringsmodell som er lagt og føretaka sine rammeverk tilseier at følgjande kompetansekrav er viktige for helseføretaksstyra:

- innsikt i og relevant erfaring frå styrearbeid
- administrativ/organisatorisk kompetanse og erfaring frå omstettingsprosessar
- økonomisk kompetanse
- rolleforståing som styremedlem i eit datterselskap i eit konsern
- evne til å balansere styret sitt arbeid/sine utspel for å sikre at føretaket skaper tillit og tryggleik hjå pasientar og innbyggjarar
- evne til å balansere ”i det opne landskap” der ein må ta omsyn til politiske føringar, krav frå eigar og forventningar frå tilsette og pasientar
- evne til å ha eit heilskapleg perspektiv på oppgåveløysinga
- evne til å etterleve og iverksetje vedtak fatta av overordna organ

Tidshorisont og vidare prosess

Helse Vest tar sikte på å peike ut dei nye styra i april 2008. Dette legg føringar på tidsfrist for å fremje forslag på kandidatar. Den einskilde kommune/fylkeskommune må sjølv ta stilling til kva prosess ein ønskjer gjennomført i forkant av forslagsstillinga.

Av omsyn til vidare tidsplan ber vi om forslag til aktuelle folkevalde kandidatar til styra i helseføretaka innan 1. februar 2008. Svarbrev med forslag og kortfatta CV til den einskilde kandidat skal sendast Helse Vest RHF, Postboks 303 Forus, 4066 Stavanger.

Med helsing


Oddvard Nilsen

Styreleiar Helse Vest RHF